

Standardkontrakt bilag 1 - Oppdragsgivers spesifikasjon




BERGEN
KOMMUNE



Table of contents

- 1 Avtalen gjelder
- 2 Minimumskrav



1 Avtalen gjelder

Designhjelp til strategi for klimaetaten.

2 Minimumskrav

Følgende absolutte krav er satt av Oppdragsgiver for leveranser under denne avtalen:

1 Beskrivelse av oppdraget (Response required)

Bakgrunn og formål med oppdraget:

Klimaetaten har utarbeida eit forslag til ny «Grønn strategi – klimastrategi for Bergen 2022». Denne treng ny layout, eit design og illustrasjonar som gjer dokumentet interessant og inspirerande å lese og innhaldet lett å finne fram i og forstå. I tillegg er det laga eit kunnskapsgrunnlag og det vil bli laga eit handlingsprogram. Desse dokumenta skal også vere lett gjenkjennelege og tydeleg høyre saman med strategidokumentet.

Oppdragsgivar forventar ikkje full layout av kunnskapsgrunnlag og handlingsprogram, men det er behov for nokre designelement og illustrasjonar som kan brukas i Word-format. Strategien som følgjer dette dokumentet er høyringsutkast (eller berre tekst) og det vil bli endringar i innhald og struktur til det ferdige dokumentet.

I tillegg vil vi ha mulighet til å bestille tillegg av illustrasjonar, designelement eller hjelp til andre designoppgåver i forbindelse med gjennomføring av strategien på et sener tidspunkt.

Det er lagt ved to filer på strategien som skal leggast på høyring for å gi ein betre forståelse for oppdraget. Den viser dei fire måla og 12 satsingane. Det er ei tekstfil som berre inneheld teksten og ei fil som er strategien slik den blir lagt på høyring no snart. Høyringa vil gi endringar men vi veit ikkje kor mykje. Det kan vere både på struktur og samansetning eller berre på tekst

2 Krav (Response required)

Det skal utarbeidast:

- Layout og design på «Grønn strategi»-dokumentet.
- Fargepalett, designelement og illustrasjonar frå «Grønn strategi» som kan brukast til kunnskapsgrunnlag, handlingsprogram samt ulike sosiale media.
- Heilskapleg design og fargepalett på figurar i strategi og kunnskapsgrunnlag og for framtidige og oppdaterte figurar.
- Ikon for dei fire overordna måla i strategien
- Illustrasjonar for dei tolv satsingane i strategien
- Ein illustrasjon til plakat om matsvinn: En superhelt med en brun banan i hver hånd.
- Alle filer skal leverast som både som vektorgrafikk og punktgrafikk.
- Det er krav til at Bergen kommune sin grafiske profil vert brukt.
- Designelementa og illustrasjonane skal kunne brukast på presentasjonar, i sosiale media (Facebook, Instagram, LinkedIn, Twitter) og på nettside



I utlysinga inngår og ein opsjon på tilleggsleveransar som vert prisa per time som Klimaetaten i Bergen kommune kan bestille i etterkant av oppdraget i denne utlysinga.

Det er snakk om følgande type arbeid:

- Utforming av ytterlegare illustrasjonar eller designelement
- Layout på nye mindre dokument
- Andre designoppgåver

3 Krav til konsulentens leveranse (Response required)

Framdrift vil vere avhengig av politisk behandling av strategien. Den framdrifta vi legg opp til her det som vil passe om strategien vert lagt på høyring i midten av juni.

Designuttrykk, ikon og illustrasjonar må vere ferdig til dialogmøtet i veke 38. Strategidokument skal vere ferdig til veke 42. Grønn strategi skal ikkje trykkast fysisk.

Følgjande skal leverast til Oppdragsgivar:

- Indesign-fil med ferdig strategi, samt alle bilde og anna og materiell brukt i strategien. Med dette skal oppdragsgivar sjølv enkelt kunne gjere alle oppdateringar av strategien. Det vert presisert at Bergen kommune eig alle rettigheitar til produktet.
- Det skal og leverast ein PDF av strategien i et brukarvennleg, skjermtilpassa format. Den skal være av ein størrelse som lett kan lastast ned frå nett og sendast med e-post.
- Figurar skal leverast med bakgrunnsfiler slik at oppdragsgivar kan oppdatere desse sjølv.
- Alle ikon og illustrasjonar leverast som EPS-filer og Jpeg-filer.

Leverandør må ha nødvendig teknisk utstyr, både datautstyr og programvare, for å kunne levere produktet. Leverandør må også delta i oppstartsmøte for å avklare spørsmål og behov, og deretter eit dialogmøte når dei fyrste skissene er klare og Klimaetaten kan kome med innspel.

4 Krav til beskriving av løysing (Response required)

Løysningsforslaget skal innehalde ei beskriving av: arbeidsprosess, leveransar, framdriftsplan og tilbydde ressursar.

Det kjem til å bli lagt vekt på at designet gjer dokumentet enklare å lese og lett å forstå, og at det er visuelt tiltalande.

5 Arbeidsopplegg og samarbeidsform (Response required)


Oppdragsgivar vil vere tilgjengeleg for fortløpande avklaringar og diskusjonar. Ved oppstart skal eit oppstartsmøte gjennomførast. Det blir forutsett at dei som skal utføre oppdraget frå tilbydar deltar på oppstartsmøte hos oppdragsgivar og er tilgjengeleg gjennom på e-post og telefon i prosessen. Digitale møter kan nyttast. Undervegs i oppdraget skal det gjennomførast minst eit dialogmøte. Referat frå møta inngår i oppdraget.

6 Kompetanse og bemanning (Response required)

Konsulent må ha kompetanse knytt til design. Tilbydar må vise til ein hovudressurs med erfaring frå tidlegare oppdrag.

Tilbydar må òg vise til gjennomførte prosjekt av liknande karakter.

Prosjektet må bemannast for å levere innafor gitte fristar. Tilbydar forventast å dekke



kompetansen som trengs for å løyse oppdraget, eventuelt ved hjelp av supplerande kompetansemiljø.

7 Framdriftsplan (Response required)

«Grønn strategi» skal behandlast politisk og det er framleis uvisst eksakt dato for kor tid den blir lagt på høyring. Forhåpentlegvis blir det før sommaren og oppdraget vil då bli like etter sommaren i august/september. Dersom høyring ikkje blir før over sommaren så vil ikkje oppdraget starte før i september/oktober.

Datoane er tentative og vert avklart i samråd mellom oppdragsgivar og oppdragstakar.

Oppstartsmøte: Veke 33, 2022

Dialogmøte: Veke 38, 2022

Leveranse og presentasjon av løysing : Veke 42, 2022

8 Økonomisk ramme (Response required)

Dei økonomisk rammene for prosjektet er at det ikkje skal overskride 200 000 kroner.

Ramma inkluderer ikkje opsjonstillegga. Vi ber om timepris for eventuelt arbeid seinare.